

1.



Sveio kommune

Sakspapir – Adm. vedtak

Kode	Utval	Saksnummer	Møtedato
HTN	Hovudutval teknisk/næring	038/14	23.04.2014

Saksbehandlar	Arkiv	Arkivsaksid.
Råsberg, Kristian	GBR - 40/1	14/303

SØKNAD OM TILTAK, TO HEILÅRSBUSTADAR DEL AV GNR 40 BNR 1 - SVEIO

Saksdokument:

1 Opplysningar i saka

Søknaden: Bjarne Skattkjær søker på vegne av Odd Bjelland om rammeløyve til oppføring av to heilårsbustadar på del av gnr 40 bnr 1. Tiltaket omfattar også tilkomstveg.

1.1	<u>Eigedomen:</u>		
	Storleik:	1250	m ²
1.2	<u>Teikning viser:</u>		
	Bebygd areal (BYA):	304,31	m ²
	Bruksareal (BRA):	281,8	m ²
	Talet på etasjar:	1	
	Brukseiningar:	2	
1.3	<u>Situasjonsplan viser:</u>		
	Avstand til nabogrense:	5	meter

Nabovarsel: Naboar er varsla, og det har ikkje kome inn merknadar. Frist for å koma med merknad var 20.02.14, jf pbl § 21-3.

Regionale mynde: Med omsyn til korte avstandar til kringliggande bebyggelse, og at tiltaket er utan konflikt med verneinteresser, er tiltaket ikkje sendt på høyring til regionale mynde. Vedtak oversendast imidlertid til klagevurdering på ordinær måte. I samsvar med Statens vegvesen sitt brev av mars 2014, skal tiltaket fyrst avklarast etter veglova når dispensasjonsvedtak er fatta. Det stillast vilkår om at søknad om utvida bruk av avkøyrslø Fv47 sendast Statveg.

2 Vurdering

Saka er vurdert godt nok opplyst i høve til fvl § 17. Saka er vurdert å ikkje vera av prinsipiell karakter, og handsamast etter vedteke delegeringsreglement.

Naturmangfald: Naturmangfaldlova (nml) sitt føremål etter § 1 ivaretaking av naturen sitt mangfald "ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden ...". Både geologisk, landskapsmessig og biologisk mangfald fell inn under lova sitt verkeområde. Omgrepet "biologisk mangfald" etter nml § 3 litra a vektlegg m.a. økosystemet og artane sin variasjon, og dei økologiske samanhengane mellom artane. Føremålsparagrafen vektlegg særleg bærekraftig bruk og vern, og naturen sin eigenverdi for liv, helse, næringsverksemd, kultur og trivsel i samfunnet. Av nml § 5 går det fram at forvaltningsmålet for artane er å sikre "levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder".

Omlag 60 m Ø for omsøkte tiltak ligg Mannavatnet Naturreservat. Omsøkte tiltak ligg på vestsida av Solstadvegen, og følgeleg vendt bort frå naturreservatet både i avstand og terrenghøgde. Inngrepet skjer inkl tilkomstveg i sin heilskap 45-60 m utanfor nemnde lokalitet, kor det ikkje er gjeve noko sikringssone.

Kunnskapsgrunnlaget og belastning på økosystemet: Offentlege vedtak som vedkjem naturmangfaldet skal etter nml § 8 "så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon ... samt effekten av påvirkninger."

Kravet til kunnskapsinnhenting vil variere frå saka sitt omfang, og i føreliggande sak som vedkjem lokale lokalitetar er artsdatabase og naturbase funne tilstrekkeleg som kunnskapsgrunnlag. Reservatet har ikkje noko definert naturleg utbreiingsområde eller sikringssone, men er på denne sida naturleg avgrensa i høve til Solstadvegen.

Ut i frå gidde avstandar er tilatket vurdert å ikkje kunne ureine eller skade lokaliteten i noko grad, avrenning i anleggsperioda ned mot Solstadvegen må imidlertid påaktast – men dette er av kortsiktig karakter. Varig ureining vil med skissert reinseløysing ikkje førekoma. På bakgrunn av dette finn rådmannen det klårt at den samla belastninga for økosystemet er særst låg i føreliggande sak, og soleis i samsvar med nml § 10.

Føre-var-prinsippet og risikovurdering: Etter kunnskapsinnhentinga er det ikkje vurdert å føreligge risiko for vesentleg skade på naturmangfaldet, og heller ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade, jf nml § 9. Dersom det skulle oppstå skader vil dette etter nml § 11 måtte dekkast av tiltakshavar innanfor rimelegheitslæra. To prinsipp er styrande etter nml § 12, beste tilgjengelege tekniske løysingar og beste plassering. Inngrepet i den lokalt viktige lokaliteten er vurdert opp i mot samfunnsinteressene som knyter seg til framføring av vassleidninga.

Omsøkte tiltak er lagt utanfor registrert lokalitet, og plassert ved annan, mindre og spreidd bebyggelse ved Solstad. På bakgrunn av dette finn ein at potensielle skader er redusert til eit minimum, og følgeleg er konfliktnivået i saka sterkt redusert. Tilkomst til området skjer frå eksisterande vegnett, og kjem ikkje i konflikt med kjende verneinteresser.

Av nml § 12 følgjer det at også økonomiske tilhøve skal vurderast, herunder privatøkonomiske og samfunnsøkonomiske, ilag med løysingar som sikrar "det beste samfunnsmessige resultat". Det framstår som klårt at samfunnsinteressene som knyter seg til stades i form av busetting, og at arealet ligg særst sentrumsnært. Ut i frå busetnadsinteressene i kommunen, og at tiltaket er plassert slik at konsekvensar for miljø og

samfunn vert forsvarlege, finn ein løysinga som den beste i høve til gjeldande samfunnsinteresser.

Plangrunnlag: LNF-område. Tiltaket er i strid med planen.

Dispensasjon: Egedomen er lagt ut til LNF-føremål i kommuneplan for Sveio 2011-2023, og tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, jf pbl § 11-6.

Høve til å gje dispensasjon etter pbl § 19-2: "Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen. Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering ... det [skal] legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet..."

Tilhøvet til kommuneplanen sin arealdel pbl § 11-6: "Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak ... Tiltak ... må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knyttet til arealformål og hensynssoner."

Dei to parsellane er utlagt som LNF-område etter kommuneplanen sin arealdel. I desse områda må tiltaka som hovudregel vera relatert til arealbrukskategoriane landbruk (L), natur (N) og friluft (F) for å vera i samsvar med planen, jf pbl § 11-6. Innanfor dette LNF-området er det følgeleg ikkje opna opp for spreidd bustadbygging. Tomtene er etter AR5-kartlegginga registrert som anna markslag, og det knytast følgeleg ikkje landbruksmessige interesser til arealet. Vidare vektleggast at parsellane er lagde heilt i ytterkanten av gnr 40 bnr 1, og ligg til eksisterande infrastruktur. Utan dei største inngrepa vil tilkomstveg til tomtene kunne etablerast frå eksisterande veg.

Rådmannen kan ikkje sjå at omsyna til landbruket vil verte tilsidesette av plasseringa. Tomtene er alt fradelte og plassert utanfor landbruksområde på Solstad. Busetting vil heller ikkje medføre auka trafikk gjennom eller omkring gardstun, då eksisterande avkøyrsløse Fv47 vert nytta. Bustadar vil dessutan kunne førast opp minimum 20 m frå dyrka mark, jf kommuneplanen sitt krav for nye bueiningar § 5.1.3.

Søknaden vurderast å ikkje koma i konflikt med jordvernet, samstundes som tomtene ligg nærme annan spreidd busetnad i området – i tillegg til at arealet ligg sær sentrumsnært. Tiltaket kjem etter dette ikkje i konflikt med landbruksinteressene (L) i området. Det er ikkje registrert viktige naturområde (N) i direkte konflikt med tomtene, og kommunen er ikkje kjend med sterke friluftinteresser (F) i denne delen av Sveio.

Rådmannen kan etter ikkje sjå at dei omsyna som skal takast i LNF-områda, eller dei omsyna lovas føremålsparagraf skal ivareta, vert vesentleg tilsidesett av ein dispensasjon til bygging av to heilårsbustadar i ytterkanten av gnr 40 bnr 1. Etablert arealbruk i nærområdet er spreidd utbygging til heilårsføremål. Rådmannen kan heller ikkje sjå avgjerande ulemper ved tiltaket, og vil særleg peike på at ein unngår bygging på dyrka mark og konflikt med verneinteresser. Egedomen rommar gode leve- og oppvekstvilkår med ei sentrumsnær plassering, men likevel landleg og avskjerma beliggenheit.

Rådmannen finn med dette rettsleg grunnlag for å gje dispensasjon frå pbl § 11-6.

Estetisk vurdering: Etter pbl §§ 29-1 og 29-2 skal eitkvart tiltak "*prosjekteres og utføres slik at det får en god arkitektonisk utforming...slik at det etter kommunens skjønn innehar gode*

visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bebygde og naturlige omgivelser og plassering”.

Tiltaka har ei spanande utforming med innslag av moderne og tradisjonelle løysingar. Sveio kommune finn tiltaket utforma og plassert i samsvar med pbl §§ 29-1 og 29-2, samt pbl §§ 29-4 og 29-10.

Tekniske anlegg:

Tilkomst: Frå privat veg.

Vatn: Offentleg. Det må søkast særskilt om ny tilkopling.

Avløp: Privat. Det må søkast særskilt om utsleppsløyve.

Godkjenning av føretak, ansvar og kontroll:

Bjarne Skattkjær har sentral godkjenning, jf pbl § 22-1 og SAK § 9-1.

Saka er avgjort i medhald av vedteke delegeringsreglement.

VEDTAK:

- 1 I medhald av pbl §§ 11-6, 19-2, 20-1 og 21-4 vert det gjeve rammeløyve.

Vilkår:

- Tiltaket kan ikkje settast i gong før det føreligg igongsettingsløyve, jf pbl § 21-2 femte ledd. Ved søknad om igongsetting må ansvar heilt eller delvis vera tildelt og kontrollomfang avgjort, jf pbl § 21-4 fjerde ledd.
- Det må søkast om delingsløyve innan 01.08.14.
- Søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve Fv47 sendast Statens vegvesen.
- Sakshandsamingsgebyr vert innbetalt, jf pbl § 21-4 sjetten ledd.

Merknader:

- Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år. Det same dersom tiltaket stoppar i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9 fyrste ledd.
- Vedtaket kan påklagast innan tre veker, jf fvl § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Hordaland, evt klage sendast Sveio kommune ved plan- og næringsavdelinga.

Kristian Råsberg
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Odd Bjelland

Fra: Råsberg, Kristian [krras@sveio.kommune.no]
 Sendt: 28. mai 2014 09:51
 Til: odd@hdist.no
 Emne: Skjema statveg



Statens vegvesen

SØKNAD OM AVKØYRSLE/DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE LANGS OFFENTLEG

Tiltakshaver... ODD BJELLAND Tlf. 94176146
 Adresse... TJERNAGELVEGEN 115 Postadr. 5330 SVEIO
 Ansvarleg søker/utførande... ARK: B. SKATTKJÆR Tlf. 95211610
 Adresse... P.B. 208 Postadr. 5501-HGSD
 Gnr..... Bnr..... Kommune.....
 (Europa-/ Riks-/ Fylkesveg)..... Stad.....
 Undersøk planstatus for eigedomen hjå kommunen
 Kommuneplan (føremål).....
 Reguleringsplan Nei Ja Namn på planen.....

SØKNAD OM AVKØYRSLE

- | | |
|---|--|
| <input type="checkbox"/> Ny avkøyrsl | <input checked="" type="checkbox"/> Bustadeiningar antall... <u>2</u> ...stk |
| <input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkøyrsl | <input type="checkbox"/> Hytte antall.....stk |
| <input type="checkbox"/> Flytting av eksisterande avkøyrsl | <input type="checkbox"/> Industri/Næring |
| <input type="checkbox"/> Stenging | <input type="checkbox"/> Driftsavkøyrsl |
| <input type="checkbox"/> Anna føremål..... | <input type="checkbox"/> Andre |

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE (MÅ GRUNNGJEVAST)

Kva funksjon får bygget (til dømes bustad, hytte m m?).....
 Nybygg Tilbygg
 Avstand frå vegmidte til næraste kant av omsøkt byggverk.....meter

Kart/skisse i målestokk 1:1000 skal leggjast ved søknaden. Kart kan ein få ved teknisk kontor i komm
 Kartet/skissa skal syne tomte med bygget, avkøyrsla, snuareal og vegen inn på tomte.

EVT. TILLEGGSOPPLYSNINGAR/GRUNNGJEVING

DETT ER 2 STK HUS SOM IKKE HAR TILDELTE
GNR - BNR - DENNE SØKNAD ER FOR IGANG-
SÆTTING AV 2 STK BOLIGER, TIL BYGGESØKN.

3



Statens vegvesen

Odd Bjelland
Tjernagelvegen 115
5550 SVEIO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Eva Birgitte Teige - <tomt>

Vår referanse:
2014/070763-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.08.2014

Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle - fv 47 - gnr 40 bnr 1 - Sveio kommune

Viser til søknad motteke 28.05.2014.

Det vert søkt om utvida bruk til fv 47 hp 2 km 1,800 for to bustadtomter som er tenkt frådelt frå gnr 40 bnr 1 i Sveio kommune. Eigedomen ligg i LNF område i kommuneplanen og krev dispensasjon for frådeling.

Fv 47 ligg i strengaste kategori i Rammeplan for avkjørsler, der det er svært strengt å få nye avkjørsler og utvida bruk av avkjørsler. Det er grunna vegen sin funksjon; Viktig hovudveg med regional og nasjonal funksjon. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og for å komme til sentrum/skular må ein krysse fv 47. Det er ikkje lagt til rette for planfri kryssing, og ein kan ikkje pårekne at det vil bli laga i næraste framtid.

Det føregår for tida eit reguleringsplanarbeid der det skal regulerast kanalisering av krysset. Dette vil på sikt gjere krysset meir trafikkikkert for bilistar, men vil gjere kryssing for gåande meir trafikkfarleg.

Vi kan difor ikkje gje løyve til utvida bruk av avkjørsle for to nye bustader.

Dette avslaget er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan påklagast. Sjå vedlagde klageskjema. Klagefristen er tre veker frå de har motteke dette avslaget.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleder

Eva Birgitte Teige

Kopi: Sveio kommune, Postboks 40, 5559 SVEIO

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Olvikvegen 50
5416 STORD


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

4

Statens vegvesen region vest
Askedalen 4

6863 LEIKANGER



Sveio 21.08.2014

Odd Bjelland
Tjernagelvegen 115

2014070763-3
771-1216

5550 SVEIO

Klage på avslag om utvida bruk av avkøyrsløse – fv 47 hp 2 km 1,800 – gnr 40 bnr 1 – Sveio kommune

Vedtatt gjort 13.08.14, motteke her 21.08.14, vert med dette påklaga i medhald av forvaltningslova § 29. Eg forstår rammeplanen skal vera retningsgjevande, men at det kan dispenserast frå hovudretningslinene ut i frå særskilte høve. Som søkjar vonar eg Statens vegvesen vil vera løysingsorientert og vurdere saka på nytt. I den førebuande klagehandsaming ynskjer eg også at det vert gjennomført synfaring, kor eg kan få forklart kva siktutbetrande tiltak eg ynskjer gjennomføra.

Eg stussar over at Fv47 er plassert i haldningsklasse 1 (raud sone), og med det handsamast like strengt som E16, E39 og E134, praktisk tala som einaste fylkesveg i Hordaland. I det avslaget vart motteke sakna eg ei vurdering av dei faktiske tilhøva på staden.

* Reguleringsplan

Statens vegvesen stiller krav om reguleringsplan der utvida bruk av avkøyrsløse skal skje innanfor raud sone. For utbygging i Sveio er det urealistisk å krevje reguleringsplan for to bustadar, og plankravet til Sveio kommune trer heller ikkje inn før enn ved 4 bustadar.

Når ein i avslaget syner til pågåande planarbeid for avkøyrsløse til Sveio sentrum, må Statens vegvesen erkjenne at dette er eit planarbeid som har pågått sidan 2007. Progresjonen i dette planarbeidet tydar heller ikkje på ei prioritering, noko ein skulle kunne forvente når arbeidet vedkjem eit kommunesenter med den folketalsveksten som er tilfellet i Sveio.

* Plassering av busetnaden

Dei to bustadane er godt skjerma frå Fv47, både gjennom terrengformasjonar som hindrar støy og i lengderetning der bustadane ligg 150 m frå vegmidte. Det er med dette inga fare for at randsona til vegen vert nedbygd. Bustadane ligg vidare sentrumsnært, og i eit område bestående av fleire, spreiddbygde bustadar.

* Veglys

Det er sett ut fleire lysstolpar i tilknytning til avkøyrsløse til Sveio sentrum, og desse bidreg samstundes til lyssetting av avkøyrsløse frå Solstad.

/

*** Siktutbetring**

Etter mi vurdering er dette framleis ei av dei betre avkøyrslene langs Fv47. Dessutan er den sentrumsnær, og bør av samfunnsmessige omsyn kunne akseptere utvida så frømt siktetilhøva tilseier det. Eg vil fjerne alt av lauvskog i begge retningar for å gjera sikta enno betre enn ho er i dag.

*** Busslomme**

Det er busslomme umiddelbart sør for avkøyrsla, og dette knyter bustadane saman med transportnettet elles. Vidare er det gongavstand til busstoppa i sentrum via gamlevegen på Solstad.

*** Gong- og sykkelveg**

Det er i dag berre gong- og sykkelveg på vestsida av Fv47, men dei omsøkte bustadane vil få gong- og sykkeltilkomst via gamlevegen på Solstad. Denne er i dag lagt under Fv47 og førar direkte til Sveio sentrum. Dette er ein særskild rask veg til både butikkar, service, kontor, skule og idrettsbane.

*** Andre saker i raud sone**

For berre to år sidan gav Statens vegvesen løyve til utvida bruk av avkøyrsla i raud sone på E39 hp 3 km 9,223 (referanse 2012/083437-002). Det understrekar at dette var då vegen på denne staden framleis hadde 80-sone, og siktetilhøva kan ikkje karakteriserast som betre enn i mitt tilfelle på gnr 40 bnr 1.

Eg vonar Statens vegvesen omgjer sitt eige vedtak, og gjev løyve til utvida bruk for to bustadar på gnr 40 bnr 1 av Solstad.

Sveio 21. august 2014,



Odd Bjelland
Tlf 941 76 146



— Kortaste veg
— Forslatt skuleveg, ca 1200m

Skuleveg: ca 1200 m.

	Gangstineitt
	Sveio kommune
	28.08.2014
	Målestokk 1:3000
Plan- og næringsavdelinga	

5.



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

03 NOV 2014

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Eva Birgitte Teige - <tomt>

Vår referanse:
2014-070763-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.10.2014

Klage på avslag om utvida bruk av eksisterande avkjørsle - gnr. 40 bnr. 1 - Sveio kommune

Statens vegvesen har motteke klage på avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsle til fv 47 hp 2 km 1,800 for to nye bustader som er tenkt frådelt frå gnr 40 bnr 1 i Sveio kommune. Eigedomen er ikkje regulert og ligg som LNF føremål i kommuneplan for Sveio 2011-2023, noko som krev søknad om dispensasjon.

Sveio kommune har gjeve dispensasjon frå Plan og Bygningslova for frådelling og oppføring av to bustader. Dispensasjonssøknaden vart ikkje sendt til uttale til Statens vegvesen, noko det etter vår meining burde blitt gjort. Det er sett som vilkår i dispensasjonen at det må søkast om utvida bruk av avkjørsle etter Veglova.

Ein svært mangelfull søknad om utvida bruk vart motteken og det vart vurdert å sende den i retur. Me gav avslag på søknaden grunna trafikksikkerheit for evt ungar som skal gå til skulen og til idrettsanlegg som ligg like ved skulen. Det var i søknaden ikkje opplyst at det var gjeve dispensasjon frå PLB, og etter purring til kommunen fekk me tilsendt vedtaket og skisse på føreslegen skuleveg. Den ligg vedlagt. Slik me ser det går ungar alltid kortaste vegen, og det innteikna forslaget kan verke urealistisk.

Det er starta opp eit planarbeid for kanalisering av krysset inntil Sveio sentrum. Der er ikkje planar om planfri kryssing på staden, noko som vil gjere at ei kryssing i plan vil gje større risiko grunna fleire felt å krysse over for mjuke trafikantar. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og det er god sikt i begge retningar. ÅDT i krysset er 4300 nordover og 4700 sørover.

Fv 47 ligg i strengaste kategori i Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser. Her skal vegane i prinsippet vere fri for avkjørsler, og nye avkjørsler og utvida bruk av avkjørsler utanom til primærnæring som er bunden til areala, skal berre godkjennast etter reguleringsplan eller etter veglova. Sveio kommune krev reguleringsplan for fire eller fleire bustadeiningar.

Rammeplanen er eit verktøy for handsaming av enkeltsaker om byggegrenser og avkjørsler etter veglova §29-30 og §40-43. Den skal gje forvaltningsorganet høve til å vurdere saker likt på tvers av fylkesgrensene.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Olvikvegen 50
5416 STORD

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Rammeplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggest til grunn ved handsaming av avkjørsler- og byggegrensesaker. Kommunen og søkarar skal også kunne nytte rammeplanen til å finne ut kva dei kan forvente av haldning frå vegvesenet og fylkeskommunane ved etablering langs vegnettet.

Vegen vert vurdert etter trafikktryggleik, transportfunksjon, føreliggande planar, miljøtilhøve og tekniske standard.

Konklusjon og innstilling til klageinstans: Vårt avslag datert 13.08.2014, saksnr 2014070763, stadfestast med grunngjeving i ovannemnde utgreiing. Klagen vert ikkje tatt til følge. Saka vert send over til Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Vedlagde dokument i saka:

Sak 2014070763

- Søknad om utvida bruk av avkjørsle datert 28.05.2014, avsendar Odd Bjelland
- Svar datert 13.08.2014, avsendar Statens vegvesen
- Klage på avslag datert 21.08.2014, avsendar Odd Bjelland

Vegavdeling Hordaland
Med helsing



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Sindre Lillebø
Seksjonssjef



6.

Statens vegvesen

Kommunane i Hordaland

Behandlende enhet:

Saksbehandler/innvalgsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2014/028263-001

Deres referanse:

Vår dato
07.03.2014

Saksgang ved søknad om avkøyrslø / dispensasjon frå byggegrense langs veg

Statens vegvesen har nyleg oppdatert sitt eige kvalitetssystem knytt til saker som gjeld søknad om avkøyrslø og søknad om dispensasjon frå byggegrense langs veg. Vi vil derfor orientere kommunane om korleis Statens vegvesen framover vil handsame slike saker etter veglova.

Søknad om avkøyrslø

Før Statens vegvesen handsamar ein søknad etter veglova, skal saka vere avklara etter plan- og bygningslova (PBL). Søknader som er i samsvar med gjeldande kommune(del)plan, der det ikkje ligg føre plankrav, vil vi handsame direkte.

Avkøyrslø som er i samsvar med føresegnar og arealbruk i gjeldande reguleringsplan treng ikkje særskilt løyve etter veglova § 40. Slike avkøyrslø skal likevel vurderast med bakgrunn i tekniske krav til utforming omtala i veglova § 43.

1. Uregulerte område

Dersom søknaden gjeld eit føremål som ikkje er i samsvar med kommune(del)planens arealdel eller er i strid med føresegnene til kommune(del)planen, må dette først avklarast av kommunen som planstyresmakt. Dette kan til dømes gjelde søknad om bustad i område for landbruk/natur/friluftsliv (LNF) eller at det er krav om reguleringsplan før utbygging av eit område.

Når vi mottek søknader der tiltaket ikkje er avklara etter PBL, vil vi sende svar til søkjar om at ei slik avklaring må vere på plass før vi handsamar søknaden etter veglova. Vi vil sende kopi av dette brevet til kommunen.

I brevet til søkjar kan vi også skrive ein førehandsuttale til søknaden etter PBL. Slike førehandsuttalar kan leggest til grunn som uttale frå vegvesenet i dispensasjonssaker etter PBL. Dersom vi ikkje har skrive førehandsuttale, eller det kjem nye saksopplysningar i

saka, skal vi ha dispensasjonssaker som som vedkjem vårt fagområde tilsendt for uttale, jamfør PBL § 19-1.

2. Regulerte område

Avkøyrlesaker i regulerte område kan handsamast på fleire ulike måtar, jamfør vår handbok 262 om handsaming av avkøyrlesaker¹. Statens vegvesen rår til at avkøyrlesaker som er i strid med gjeldande reguleringsplan vert avklara som planendring etter PBL. På den måten får søkjar og styresmakter ein kartfesta rett og ikkje berre løyve/vedtak på sida av planen. Alternativa er dispensasjon etter PBL eller enkeltvedtak etter veglova:

- a) Dersom avkøyrle til omsøkt tiltak er avklara i reguleringsplan, men det er ynskje om ei anna løysing, skal saka handsamast som planendring eller dispensasjon frå plan.
- b) Dersom avkøyrle til omsøkt tiltak ikkje er avklara i reguleringsplan, skal saka handsamast som planendring eller som einskildsak etter veglova.

Når vi mottek søknader i regulerte område, vil vi også sende brev til søkjar om at saka først må avklarast med kommunen, eventuelt med førehandsuttale, jamfør ovanfor.

Søknad om dispensasjon frå byggegrense

1. Uregulerte område

Statens vegvesen handsamar direkte søknader som er i samsvar med gjeldande kommune(del)plan.

Unntak: Der kommune(del)plan fastset byggegrense langs veg, er det kommunen som kan gje dispensasjon frå byggegrensa. Statens vegvesen skal ha slike saker tilsendt for uttale. Vedtaket etter høyringsrunden skal også sendast Statens vegvesen.

Søknader som er i strid med gjeldande kommune(del)plan må avklarast av kommunen etter PBL før vegvesenet handsamar dei etter veglova. Vi vil i slike saker sende svar til søkjar på same måte som i avkøyrlesaker. Tilsvarande som for avkøyrlesaker kan vi skrive førehandsuttale, eventuelt avventar vi å få dispensasjonssaker tilsendt frå kommunen for uttale.

2. Regulerte område

I regulerte område er det kommunen som kan gje dispensasjon frå byggegrensa. Der ein reguleringsplan ikkje viser byggegrense langs veg, er det den generelle byggegrensa i veglova som gjeld, og som det eventuelt må søkjast om dispensasjon frå. Det er kommunen som fattar vedtak også i desse sakene.

Statens vegvesen skal ha slike dispensasjonssaker tilsendt for uttale etter PBL § 19-1. Vedtaket skal også sendast Statens vegvesen.

1

http://www.vegvesen.no/_attachment/61498/binary/43140?fast_title=H%C3%A5ndbok+262+Retningslinjer+for+behandling+av+avkj%C3%B8rselsaker.pdf

Dersom noko er uklart eller de har ytterlegare spørsmål om saksgangen i avkøyrsl- og byggegrensesaker, kan de ta kontakt med Statens vegvesen. Vedlagt følgjer oversikt over kven som per i dag handsamar arealplanar, avkøyrsl- og byggegrensesaker i dei ulike kommunane.

Med helsing
Vegavdeling Hordaland

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Carl-Erik Nielsen
seksjonsjef Plan og forvaltning Voss og Hardanger

Sindre Lillebø
seksjonsjef Plan og forvaltning Bergen

Kopi: Hordaland fylkeskommune (e-post)
Fylkesmannen i Hordaland (e-post)